



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høyring - endring av reglane for nydyrking - forbod mot dyrking av myr

Vi viser til brevet dykkar datert 11. juli 2017 om endring av jordlova og forskrift om nydyrking.

Endring av jordlova

Denne endringa av forskrift om nydyrking krev også endring i jordlova slik at nydyrking kan avgrensast ut frå omsyn til klima og utslepp av klimagassar. Vi har ikkje merknader til denne endringa.

Endring av forskrift om nydyrking

I dag er nydyrking søknadspliktig. Dette medfører i praksis at vi har eit generelt forbod mot all nydyrking fram til kommunen har gjeve eit løyve. I gjeldande forskrift om nydyrking § 4 heiter det: *Nydyrking kan bare skje etter plan godkjent av kommunen. Planen skal utarbeides av den som vil sette tiltaket i verk. Er nydyrking ikkje iverksatt innen tre år etter at godkjenningen er gitt, faller tillatelsen bort. Det kan settes vilkår for godkjenningen.*

Ei endring av § 6 med forbod mot nydyrking av myr er innskjerping av gjeldande forskrift, men der ein opnar for at kommunen i særlege høve kan gje dispensasjon. Ut frå ønsket om redusert utslepp av klimagassar er det naturleg med ein høgare terskel for løyve til nydyrking av myr enn for nydyrking av anna areal.

Utgreiingar som er gjort kring nydyrking av myr, viser at det er store skilnader i utsleppa av klimagassar etter nydyrking. Det er difor viktig at høvet til å gje dispensasjon byggjer på eit fagleg grunnlag i tråd med målet for forbodet. Dette set krav til kompetanse i kommunane og at det vert løyvd midlar til forskning på myr.

Ei slik vurdering av «særskilde høve» må mellom anna legge vekt på myrtype, myrdjupne, undergrunnsmasse, dyrkingsmåte, arrondering av areal og økologisk kompensasjon. I tillegg må det leggst vekt på myr si rolle som karbonlager og karbonsluk, og at nokre myrtypar i Noreg alt er stert reduserte i omfang og funksjon gjennom historiske inngrep. Sidan Noreg, i følgje myrforskarar, har det største mangfaldet av myr i Europa, er det viktig at vi som nasjon tar dette forvaltningsansvaret på alvor.

Eit generelt forbod mot nydyrking av myr kan derimot få store konsekvensar, særleg for utvikling av jordbruksføretaka i grovfôrområda langs Norskekysten. For Sogn og Fjordane viser NIBIO si kartlegging at myr utgjer 39% av det arealet som er eigna for nydyrking. Nasjonalt vert det nedbygd 6000 - 8000 dekar dyrka jordbruksareal per år, og nydyrking er avgjerande for å kompensere for dette. Ein reduksjon i nydyrking av myr må difor følgjast opp med ei tilsvarande innstramming i høvet til nedbygging og omdisponering av dyrka mark slik at det totale jordbruksarealet vert oppretthalde.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Nils Erling Yndesdal
miljøvern sjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.